

# Nordvestpassasjen



Ei moderne ferd i eit polarhistorisk landskap. Del 5

Den iskalde nordvesten er attende. Med aukande styrke kjem han strykande ned Alexandrastretet. Sikten er ikkje mykje å skryte av. Kanskje burde me ha vorte i teltet i dag, men no har me lyst til å kome fram til folk. «Gjøahavn eller døden!» kjem det kjekt frå Vegard, i det han løftar seglet – og blir slengd ut i lufta.

**V**egard har landa, men det er armar og bein overalt – og seglduken slår hissig og taktfast mot bakken. «Dette er altfor stort segl, me må rigge ned», høyrer eg han rope, før han får noko som kan minne om kontroll over situasjonen.

Me er i Storis Passage, som det står på kartet. På veg inn mot Kong William Land; på veg inn i Roald Amundsens bakgard, rett og slett. Hit drog karane frå «Gjøa» tidt og ofte. «Vi følte oss næsten som hjemme», skreiv Godfred Hansen då han såg dette kystlandskapet etter tre månaders slede-tur. Det gjer ikkje me, her me stirer inn i det låge skydekket. Dessutan har namnet «Storis» gjort oss litt urolege.

## STORIS

Me finn fram rett seglstorleik og flyt fint av garde innover mot Simsonstretet. Ein og annan hump får pulkane til å danse litt på den elles flate sjøisen, men førebels er det lite som minner om stor is. Og det går fort i den sterke vinden, frykteleg fort vil nok enkelte ha meint, når me kjem opp mot 50 kilometer i timen. Eg tenkjer stadig på kva dei gamle polarfararane hadde sagt om å reise på denne måten. Dei drøymde sikkert om noko liknande. Dei hadde seglekunnskapen, liten tvil om det, men hadde ikkje utstyret me har i dag; den lette fallskjermduken som er sydd for å kunne stå høgt mot vinden.

Nokon prøvde seg likevel. Til dømes spente Fridtjof Nansen teltduken på sleden då han fekk medvind over Grønlandsisen. Eit påfunn som ikkje Samuel Balto

tykte noko særleg om: «Så galne folk, som vil seile på sneen! Dere kunde vel lære oss seilas på sjøen og mye annet; men lære oss lapper noe på land eller på sneen; nei det kan dere ikke, det er noe sattans sludder.»

Eg veit ikkje om Balto hadde kalla det me held på med for sludder. Eg vel heller å tru at 1800-talsmenneske hadde late seg fascinere av at det er mogleg å nytte vinden på denne måten. Over land og is, med stor oppakking. Det er slikt eg står og tenkjer på, når eg time etter time heng i ein sele bakom eit segl. Eg kjem òg til å tenkje på at Roald Amundsen, verdas største polarfarar, slapp unna skruisen. Gjerde han ikkje det? Sjølv sagt hadde han mykje vanskeleg is på yttersida av skutene sine. Og han opplevde tidenes mareritt i skruisen då han krasjlanda med fly nær Nordpolen i 1925 – og måtte trampe flat ein rullebane, på ein sjøis som stadig skrudde seg opp. Men han gjekk aldri langt med ski, slede og bikkjer gjennom håplaus skruis. Det er eg plutselig ganske sikker på, her eg speidar etter «Storis». Kanskje hadde Amundsen late seg skremme av kor oppgitt og motlaus Nansen vart då han kjempa seg nordover i Polhavet? Ikkje veit eg, men då Amundsen var på slede-tur her i området, drog han vestover og unngjekk isbaksen. Og i Antarktis var fokskavlar det einaste som laga humpar i vegen for han.

Kor om alt er. Me har uroa oss utan grunn for namnet på kartet. *Storis Passage* er ikkje ein anglisert omtale av tilhøva. Namnet kjem rett nok frå dansk, men stammar frå ein isbrytar som amerikarane bygde under andre verdskrigen for å patruljere farvatnet rundt Grønland. Skuta skulle eigentleg namngjevast



«Gjøa» ankra opp på staden som skulle få namnet hennar, Gjøahavn – eller Gjoahaven som det heiter lokalt. Her møtte Roald Amundsen...

«Eskimo», men nokon i State Department kom til å tenkje på at eit slikt namn kunne verke støyttande på inuitane. Difor vart det danske ordet «Storis» valt. Årsaka til at skuta står på kartet her borte, er nok at ho i 1950-åra vart den første frå USA som segla heile Nordvestpassasjen.

## NATT I EIN KONTEINAR

Vinden aukar på til ein god kuling. Det er kaldt, svært kaldt. Eg fryser. Eg må nesten innrømme det. Det er særleg vanskeleg å halde varmen på føtene. Me har kome langt ut i april, men det er ingenting som tyder på at våren er på veg til desse stroka. Eg har aldri frose så mykje og så lenge.

Me treffer land like aust for Terror Bay, som er endå eit namnehistorisk minne om Franklins ekspedisjon. Vegard har ein plan. Han har ikkje sagt noko til oss, men han har sett eit lite grønt teikn på GPS-en; eit campingsymbol som gir von om overnatting under tak. Og heilt rett: Like ved ein radarstasjon står ein ulåst konteinar. Sjølvbeteningshytte i aller enklaste tyding av omgrepet. Men eit slott for tre kalde skiseglalarar. Her kan me stå oppreist. Her

kan me gå rundt. Her kan me ha von om at det blir varmt etter nokre timars fyring.

Høvet er så stort, meiner Jan, at han finn fram den siste skvetten akevitt me har att. Det blir høgtid i konteinaren. For i 29,7 minusgrader gjer potetbrennevin godt. Svært godt! Og me er ikkje dei fyrste som tykkjer det. Godfred Hansen skreiv så treffande om kjensla av ein dram då han var her på Kong William Land, at eg tillèt meg å sitere på dansk: «Saa kom da Rommen! Gyldenbrun blinker den os imøde fra det sølv-skinrende Aluminiumsbæger. Haanden fører Bægeret op, og man mærker den krydrede Duft, som vejrede der et Pust fra en solglødet Sydens Plantage hen over de golve Issletter. Bægeret naar Munden sikkert, thi en Polarfarers Haand ryster aldrig. Og saa glider den ned iskold, lædskende, varmende oplivende. Rynk paa Næsen I Afholdsfolk, men jeg ved hva Nytt Alkoholen gør paa et saadant Tidspunkt!»

## AMUNDSEN PÅ KONG WILLIAM LAND

Neste morgon prøver Vegard seg på nytt: «Gjøahavn eller døden!»



«Ein skikkeleg polfarar må kvile når han kan.» Eg kan ikkje sitere nokon på akkurat den... Foto: Vegard Ulvang



Amundsen og inuittene. Dei kunne lære han mykje om korleis ein overlever i polarstroka. Foto: Kulturhistorisk museum, UiO


«Terrænet omkring Gjøahavn var det mest kuperede paa hele Kong Williams Land», skreiv Amundsen, «hvilket forresten ikke vil si meget». Nettopp! Du treng ikkje akkurat vere fjellklatrar for å dra på tur her. Men det er ei morosam avveksling å segle over land. Formasjonane endrar seg. Me dreg gjennom noko eg kan førestille meg er ein dal, og over haugar som eg likar å tru er fjell. Farten er god og kursen rett mot målet.

Heilt til eg ser eit par moskusar. Dei står plutseleg der. Stolte og hårfagre. Dei

ser rett på meg, men ser ikkje ut til å vere uroa av nokre skiseglarar. Eg sklir sakte mot dei. Vegard tek opp filmkameraet. Kor nære kan ein eigentleg gå ein moskus? Prøvande sig eg litt nærare. Dei to firbeinte held berre fram med å grave etter gras under snøen. Endå litt nærare. Eg kjenner pulsen under anorakken. Utruleg fascinerande dyr. Dei kjem frå ei anna tid, liksom. Litt til. Der finn eg grensa. Plutseleg skvett dei opp, men heldigvis ikkje mot meg. Dei berre snur den harde skallen sin og tuslar ifrå oss.

«Bægeret naar Munden sikkert, thi en Polarfarers Haand ryster aldrig. Og saa glider den ned iskold, lædskende, varmende oplivende.»

Gotfred Hansen



Roald Amundsen i kahytta på «Gjøa» med kartet dei har teikna over Gjøahavn. Foto: Kulturhistorisk museum, UiO

Roald Amundsens namn er sterkt knytt til Kong William Land. Ikkje så rart sidan han budde her i nesten to år – frå han lét ankeret gå på «Gjøa» klokka halv ni om kvelden den 12. september 1903, til dei heldt fram ferda vestover 13. august 1905. Han brukte nesten dobbelt så mykje tid i desse omgjevnadene som på heile resten av turen frå Kristiania til Nome i Alaska. Me har lett for å gløyme det, når ein omtalar ekspedisjonen hans som den fyrste gjennom Nordvestpassasjen.

Amundsen vart tvillaust den fyrste som segla heile Nordvestpassasjen med ei og same skute, men han var ikkje den fyrste som reiste heile strekket. Det hadde Robert McClure alt gjort i 1850–53, men han nytta både skip og reise over land. Amundsen sjølv gav sin barndoms store æra for å ha oppdaga denne ruta mellom Atlanterhavet og Stillehavet: «La oss reise dem et minne, varigere enn nogen bautastein: Erkjennelsen av, at de var de første oppdagere av Nordvestpassasjen.»

Amundsens store nyvinning var å segle aust for Kong William Land i staden for det isfylte Victoriastretet, då han knytte saman dei kjende seglingsleiene. Men – og her kjem det som gjer «Gjøa»-ekspedisjonen mykje meir enn ei ferd gjennom Nordvestpassasjen: Då Amundsen kom på sørsida av Kong William Land, såg han berre ope vatn: «Vestover lå Simpsonstredet fullstendig isfritt. Nordvestpassasjen var således åpen for oss.» Amundsen kunne ha avslutta ein fire hundre års kamp om denne sjøvegen på elegant vis, på berre nokre få veker. Men i staden styrde han «Gjøa» hard styrbord – inn til «den fineste lille havn, som finnes i verden!» Han hadde fleire oppgåver: «vi hadde først og fremst til mål for oss å skaffe beskjed om den magnetiske nordpol – også fikk passasjen stå hen som det mindre viktige.»

Ofte blir Amundsen framstilt som ein kar som berre var ute for å setje polare rekordar. Sørpolen er eit tydeleg døme på at han var svært oppteken av å kome fyrst. Det same er det veldige jaget hans etter å fly til Nordpolen i 1920-åra. Og han nådde alle dei fire store polare triumfane, før han gav seg: Begge passasjane og begge polane.

Men me må ikkje lese dette rekordjaget inn i «Gjøa»-ekspedisjonen. Då Amundsen la frå kai med den vesle skuta, hadde han òg med ei rekkje vitskaplege problemstillingar i lasta. Han skulle ta vassprøver og måle havdjup for Nansen. Amundsen hadde sjølv vore i Hamburg og studert magnetisme hjå professor George von Neumayer. Karane på «Gjøa» tok systematiske målingar heile tida då dei var i Gjøahavn – og 26. april 1904 kom Amundsen og Peder Ristvedt fram til den same staden som James Clark Ross hadde rekna ut at det magnetiske polpunktet låg i 1831. Tre veker seinare fann dei kor det dåverande polpunktet låg. Dette var fyrste gong nokon hadde funne prov for at dei magnetiske polane faktisk flyttar på seg, ei oppdagning som var viktig for mellom anna navigasjon til sjøs.

Amundsen gjorde «Gjøa» til eit vitskapleg tokt. Nansen var nøgd: Ekspedisjonen hadde hatt stor verdi for «videnskap, for Norge, for skandinavisk forskning». Like etter fekk Amundsen låne «Fram» av Nansen for å leggje ut på ei endå viktigare ferd, til Polhavet. Den ekspedisjonen enda som me veit i eit kappløp om Sørpolen – men det er ei anna historie. No er me i Amundsens tidlege karriere – og på full fart inn mot staden som forma han til den store polarfararen han vart.

#### KRAFTFULL INNSEGLING

Vinden berre aukar og aukar. Me har for lengst funne fram det minste seglet, som knapt er større enn ein IKEA-pose. Det blir ei kraftfull innsegling til dette spennande arktiske samfunnet – som har fått staden sitt etter ei lita sildeskute, bygd på Skaaluren skipsbyggeri i Rosendal i 1872.

«Velkomne til Gjøahaven!» Ein blid kar med ei stor hette over hovudet smiler mot oss. «Kor i all verda kom de frå?» Han viser oss vegen til byens einaste hotell. «Men kvifor kjem de hit – til den kaldaste staden i verda?», vil han vita. «Kvifor reiste de ikkje heller til California...?»

#### HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar og forskar ved Norsk Polarinstitutt og fast skribent Dag og Tid.